*9. klasse, Myklebust skule* *Kjell Helge Nordal (rev. etter J. B. K)*

# Halvårsplan i tysk

Hausthalvåret 2020

Læreverk: "Auf Deutsch 2" (Heimdal/Nordal-Pedersen, 2006)

| *Veke* | *Tema* | *Side* | *Prøver/innlever.* |
|---|---|---|---|
| **Kapittel 1: Unterwegs** | | | |
| *34-40* | ***Lesetekstar:***<br>A:"Ferien"<br>B: "Schulfrei"<br>C: "Auf der Autobahn"<br>E: "Ein Anruf" | <br>*s. 10*<br>*s. 12*<br>*s. 14*<br>*s. 18* | <br>***Verbtest***<br><br><br><br>***Prøve v 40*** |
| | ***Grammatikk:***<br>**Læringsmål:**<br>**Etter denne perioden bør du kunne:**<br>• Ord og uttrykk for ferie og fritid<br>• Dei vanlegaste spørjeorda<br>• Å lage enkle spørsmål på tysk<br>• Å finne subjekt og verbal i ei setning<br>• Personbøying av verba zu sein, zu haben, og svake verb i notid.<br>• Å seie enkle reknestykke på tysk | s. 13<br><br>Notat<br><br>s. 210-213 | ***Glosetestar etter kvart emne*** |
| | ***Munnlegøvingar:*** | | |
| **Veke 41: HAUSTFERIE (HERBSTFERIEN)** | | | |
| **Kapittel 3: Oktoberfest** | | | |
| *42-48* | ***Lesetekstar:***<br>A: „In Bayern"<br>B: „Freitagnachmittag"<br>C: "In München"<br>D: "Die Zeit"<br>F: „Fussball" | <br>*s. 42-43*<br>*s. 44*<br>*s. 46*<br>*s. 49*<br>*s. 50* | Lesetest |
| | ***Grammatikk:***<br>**Læringsmål:**<br>**Etter denne perioden bør du kunne:**<br>• Ord og uttrykk i og om Oktoberfest og fotball<br>• Ord og uttrykk for dagar, veker, månader, m.m.<br>• Å personbøye verb med spesiell verbstamme i notid<br>• Å personbøye nokre sterke verb i notid | s. 246-247<br><br><br>s.214<br>s.215<br><br>s.216 | |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | • Å personbøye zu werden og zu bleiben i notid<br>• Å uttrykke framtid med hjelpeverbet zu werden | s.45 | <u>Munnleg presentasjon:</u><br>***Veke 48 Kjenneteikn på måloppnåing blir delte ut i veke 45.*** |
| | ***Munnlegøvingar:***<br>PROSJEKTARBEID:<br>„Ich!“ | | |
| ***Veke 47-48 TENTAMENSPERIODE*** | | | |
| ***Thema: Weihnachten in Deutschland*** | | | |
| **50-51** | **Tyske juletradisjonar** | s. 200-203 | |

## Woche 51: WEIHNACHTSFERIEN:

**Letzter Schultag vor den Ferien: Donnerstag 20.12.**



## Fröhliche Weihnachten!

# *Læringsmål, vurderingskriterium og kjenneteikn på måloppnåing:*

Læringsmåla for undervisninga, vil de finne på byrjinga av kvart kapittel i læreboka og på arbeidsplanane vi bruker for kvar periode i tysk.
I tillegg blir det delt ut læringsmål og eigne vurderingskriterium og kjenneteikn på måloppnåing i forkant av alle skriftlege og munnlege prøver og framføringar.

## Vurderingskriterium i tysk:
### (Forenkla frå fagplanen i Kunnskapsløftet)

### Vurdering i munnleg tysk:

Eleven si **kompetanse innan kommunikasjon** i munnleg tysk blir vurdert utifrå kva grad av måloppnåing han/ho viser innan følgjande hovudområde:

- Evne til å **forstå** tysk skrift og tale.
- Evne til å **uttrykke seg** munnleg på tysk i ulike situasjonar.
- Omfanget på eleven sitt passive og aktive **ordtilfang**.
- Kvaliteten på tysk **uttale**.
- Kunnskap om tysk **kultur, litteratur og tradisjon**.
- Evne til å **formulere og presentere** ei munnleg framstilling.
- Evne til å **reprodusere kunnskap**, resonnere og drage grunngjevne konklusjonar.
- Evne til å **tolke og reflektere på sjølvstendig grunnlag**.

### Vurdering i skriftleg tysk:

Eleven si **kompetanse innan kommunikasjon** i skriftleg tysk blir vurdert utifrå kva grad av måloppnåing han/ho viser innan følgjande hovudområde:

- Evne til å **uttrykke seg skriftleg på tysk**, tilpassa ulike enkle sjangerkrav/stilkrav, med omsyn til
    - **Innhald** (relevans i høve til oppgåve, m.m.)
    - **Struktur** (oppsett, tekstbinding, teiknsetjing, m.m.)
    - **Språkleg** dugleik (ordtilfang, rettskriving, grammatikk, syntaks, m.m.)

- Evne til å presentere eit enkelt tema skriftleg.

### Formell og uformell vurdering:

Eleven vil gjennom kvar termin få **formell og uformell vurdering** av **grad av måloppnåing** på alle desse områda, gjennom

- **Skriftleg vurdering** etter alle skriftlege og munnlege prøver, presentasjonar og innleveringar.
- **Munnleg vurdering** blir gitt i timar og elevsamtalar.
- **Eigenvurdering:** Eleven får også sjølv øving i å vurdere eigne tekstar og presentasjonar.
- I tillegg vil ein **i utviklingssamtalane gi både skriftleg og munnleg tilbakemelding**, samt opne for **diskusjon rundt elevens faglege utvikling**.

## ***Grad av måloppnåing:***

I vurderinga av eleven i høve til desse kriteria, viser ein til nivå, utifrå grad av måloppnåing etter følgjande nasjonale standard.

- **Låg måloppnåing: Karakterane 1-2**
- **Middels måloppnåing: Karakterane 3-4**
- **Høg måloppnåing: Karakterane 5-6**

***Kjell Helge Nordal***
***Myklebust  skule, 27.08.20***